



Rune Alver Nilsen
Bruvegen 54
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1600 - 14/6941

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
26.03.2014

Løyve til etablering av garasje på gbnr 188/784 Gjervik Ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 003/14

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av garasje med BYA på 49,50 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 29.01.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av garasje knytt til ny bustad. Søknaden er sendt inn som ett-trinns og den er koplett.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Langheiane vedtatt 06.07.2011.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Tomta er i reguleringsplanen sett av til bustadformål, tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

Veg og tilkomst

Tomta grenser til privat veg som ligg innafor det regulerte området. Avkøyrsløse til tomt er regulert, og søknaden er i samsvar med reguleringsplan. Det er søkt til Teknisk Drift hos kommunen om løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse til kommunal veg.

Uteoppfallsareal og parkeringsløyvingar

Administrasjonen syner til løyve til etablering av bustad på tomta, da det er same situasjonsplan som er sendt inn til begge søknadene. Administrasjonen vurderer uteoppfallsareal som tilstrekkeleg og parkeringsløyving i samsvar med gjeldande regelverk.

Plassering og høgdeplassing

Høgdeplassinga vert godkjent til OK gulv + 79,0, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomta.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om garasje i samsvar med innsendte søknad, kart og skildring.

Gebyr

Søknadspålagt tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.1.a Frittstående garasje der BYA/BRA < 70 m ²	1	6.500
C.1.1 Bruk av kartbasis	1	500
Totalt gebyr å betala		7.000

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS v/Tom Andre
Sivertsen

Mottakarar:

Rune Alver Nilsen

Bruvegen 54

5914

ISDALSTØ